

NotatDato: 12.05.2014
Arkivsak: 2014/677-2
Saksbehandlar: ingskei

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Bompengerekneskap 2013 for Halhjem - Sandvikvåg**E39**

I ferjesambandet Halhjem - Sandvikvåg har det i perioden 2002-2012 vorte kravd inn bompengar til utbetring av E39 over Stord. Prosjektet skulle finansierast med 50 % bompengar og 50 % statlege løyvingar.

I løpet av 11 år er det kravd inn 192,2 mill. kr. 126 mill. kr er overført til Statens Vegvesen. Inklusive renteinntekter står det 70,4 mill. kr til disposisjon pr. 31.12.2013. Statens Vegvesen har ikkje rekvirert midlar til prosjektet i 2013.

Av planlagt arbeid står det att tre parsellar: Engevik sør, Engevik-Sandvikvåg og Mehammer, ny linje.

Fv. 545

Med heimel i i Prop. 149 S (2011-2012) skal bompengar innkravde i 2013 og 2014 gå til å finansiere opprusting av fire delstrekningar på fv. 545 på vestsida av Stord.

Planarbeidet har teke lengre tid enn venta. Det er ikkje rekvirert ut bompengar i 2013.

Det er gjort nye kostnadsoverslag for prosjekta. Fylkestinget får i juni 2014 sak om utviding av bompengeperioden med 2 år. I den nye søknaden er det teke med eit nytt prosjekt, utbetring av strekninga Sagvåg bru – Sagvåg sentrum. I tillegg har ein heva standarden på nokre av strekningane som var med i den første søknaden.

Totalkostnad er 114,5 mill. kr. 97 mill. kr skal finansierast med bompengar.

Med tanke på planlegging og vidare framdrift er det viktig å få avklart om Stortinget godkjenner 2 nye år med bompengeneinnkrevjing.

Bompengeneinntektene kom i 2013 opp i 23,93 mill. kr.

Trafikkveksten var 1,9 % frå 2012 til 2013. Inntektene auka med 5,6 %.

Rekneskapstal for 2013 og 2012:

	2013	2012
Utgifter		
Overført vegkontoret		10 000 000
Innkrevjingskostnader	245 306	242 227
Avsett til fond	26 002 875	14 442 150
Sum	26 248 181	24 684 377
Inntekter		
Bompengeinntekter	23 930 494	22 651 551
Renteinntekter	2 317 687	2 032 826
Sum	26 248 181	24 684 377
Balanse		
Overført vegkontoret	126 000 000	126 000 000
Kortsiktige fordringar	1 690 505	3 331 335
Bankinnskot	92 800 970	65 157 265
Sum aktiva	220 491 475	194 488 600
Bunde investeringsfond	94 491 475	68 488 600
Kapitalkonto	126 000 000	126 000 000
Sum passiva	220 491 475	194 488 600